

LØYSINGSFORSLAG – Øvingar – 6 Rekneskapsanalyse

Ctrl + klikk for å komme til ønskt side.

Læreboka side 252	1
Læreboka side 256	3
Læreboka side 260	5
Læreboka side 264	6

Læreboka side 252

6.2.1

Tall fra resultatregnskapet	2012
Driftsinntekter	13 605 000
- Varekostnader	
- Andre driftskostnader	
= Driftsresultat	629 000
+ Finansinntekter	87 500
- Finanskostnader	230 000
= Resultat før skatt	486 500
- Skattekostnad	
= Årsresultat	350 280

Tall fra balansen

Eiendeler	2012	2011
Anleggsmidler	4 000 000	3 700 000
Omløpsmidler:		
Varelager	1 180 000	800 000
Kundefordringer		
Kontanter og bankinnskudd	2 088 000	1 625 000
Sum omløpsmidler	3 268 000	2 425 000
Sum eiendeler	7 268 000	6 125 000

Egenkapital og gjeld

Egenkapital	2 969 049	2 618 769
Gjeld:		
Langsiktig gjeld	2 400 000	1 900 000
Leverandørgjeld		
Annen kortsiktig gjeld	1 898 951	1 606 231
Sum gjeld	4 298 951	3 506 231
Sum egenkapital og gjeld	7 268 000	6 125 000

Lønnsemdvurderinga byggjer berre på normtal og på nøkkeltal henta frå rekneskapen til bedrifta.

Nøkkeltall	2012
Rentabilitet	
Totalkapitalrentabilitet	10,7 %
Egenkapitalens rentabilitet før skatt	17,4 %
Egenkapitalens rentabilitet etter skatt	12,5 %
Gjennomsnittlig gjeldsrente	5,9 %

ByKroa AS har årsoverskot både for 2011 og 2012. Overskotet har auka frå 2011 til 2012. Nøkkeltala for 2012 viser ein totalkapitalrentabilitet på 10,7 %.

Kravet til god rentabilitet er at den bør vere større enn alternativ kapitalplassering. I dag er innskotsrenta på ca. 4 %. Legg vi til nokre prosent med risikorente, får vi ca. 9 %. Da er kravet oppfylt.

Totalkapitalrentabilitet bør også vere større enn gjennomsnittleg gjeldsrente. Dette kravet er oppfylt.

Nøkkeltala for 2012 tilseier ein eigenkapitalrentabilitet på 17,4 %.

Kravet til god eigenkapitalrentabilitet er at han bør vere større enn totalkapitalrentabiliteten. Dette kravet er oppfylt.

Sidan karva til god rentabilitet er oppfylte, er lønnsemda samla sett rimeleg god for ByKroa AS.

6.2.2

Tall fra resultatregnskapet	2012
Driftsinntekter	14 000 000
- Varekostnader	
- Andre driftskostnader	
= Driftsresultat	600 000
+ Finansinntekter	90 000
- Finanskostnader	240 000
= Resultat før skatt	450 000
- Skattekostnad	
= Årsresultat	450 000

Tall fra balansen	2012	2011
Eiendeler		
Anleggsmidler	4 500 000	4 000 000
Omløpsmidler:		
Varelager	500 000	400 000
Kundefordringer		
Kontanter og bankinnskudd	550 000	450 000
Sum omløpsmidler	1 050 000	850 000
Sum eiendeler	5 550 000	4 850 000

Eigenkapital og gjeld		
Eigenkapital	2 000 000	2 000 000
Gjeld:		
Langsiktig gjeld	2 100 000	2 100 000
Leverandørgjeld		
Annen kortsiktig gjeld	1 450 000	750 000
Sum gjeld	3 550 000	2 850 000
Sum egenkapital og gjeld	5 550 000	4 850 000

Lønnsemdvurderinga byggjer berre på normtal og på nøkkeltal henta frå rekneskapen til bedrifta.

Nøkkeltall	
Rentabilitet	2012
Totalkapitalrentabilitet	13,3 %
Egenkapitalens rentabilitet før skatt	22,5 %
Egenkapitalens rentabilitet etter skatt	22,5 %
Gjennomsnittlig gjeldsrente	7,5 %

Bedrifta gir overskot både i 2011 og 2012. Overskotet har auka frå 2011 til 2012 med kr 120 000. Nøkkeltala for 2012 viser ein totalkapitalrentabilitet på 13,3 %.

Ein god totalkapitalrentabilitet bør vere større enn alternativ kapitalplassering. I dag er innskotsrenta på ca. 4 %. Legg vi til nokre prosent med risikorente, får vi ca 9 %. Da er kravet oppfylt.

Totalkapitalrentabilitet bør også vere større enn gjennomsnittleg gjeldsrente. Dette kravet er oppfylt.

Nøkkeltala for 2012 tilseier ein eigenkapitalrentabilitet på 22,5 %.

God eigenkapitalrentabilitet bør vere større enn totalkapitalrentabiliteten. Dette kravet er oppfylt.

Krava til rentabilitet er oppfylte med god margin og da er lønnsemda samla sett god for bedrifta.

6.2.3 Læraren har forslag til løysing

Nøkkeltall	
Rentabilitet	2012
Totalkapitalrentabilitet	10,0 %
Egenkapitalens rentabilitet før skatt	12,8 %
Egenkapitalens rentabilitet etter skatt	12,8 %
Gjennomsnittlig gjeldsrente	8,8 %

Læreboka side 256

6.3.1

Her må du ta vekk «arkbeskyttelsen» i modellen for å legge inn driftsresultatet og rekne ut skattekostnaden med 28 % av resultat før skatt.

- a) Overskotet for 2012 utgjør kr 350 280.
- b) Anleggsmidlane per 31.12.2012 utgjør kr 4 000 000.
- c) Langsiktig kapital per 31.12.2012 utgjør kr 5 369 049.
- d) Arbeidskapitalen per 31.12.2012 utgjør kr 1 369 049.
- e) Tre krav til sunn finansiering:
 - Anleggsmidlane bør finansierast med langsiktig kapital.
 - Halve varelageret bør finansierast med langsiktig kapital.
 - Eigenkapitalen bør minst utgjøre 35 % av totalkapitalen.
- f) Eigenkapitalprosenten blir rekna ut slik: Eigenkapitalen i kroner i prosent av totalkapitalen.

- g) Arbeidskapitalen viser kor mykje av omløpsmidlane som er finansierte langsiktig.
- h) Positiv arbeidskapital er eit teikn på sunn finansiering fordi bedrifta slepp å bruke store summar på å betale kortsiktig gjeld.
- i) Soliditet er eit omgrep som viser kor stor del av totalkapitalen som er finansiert med eigenkapital.
- j) Vurderinga av finansieringa byggjer på normtal og på nøkkeltal henta frå rekneskapen til bedrifta.

Finansiering	2012	2011
Arbeidskapital i kr	1 369 049	818 769
Arbeidskapital i % av varelager	116,0 %	102,3 %
Eigenkapitalprosent	40,9 %	42,8 %

Det er tre krav til god finansiering:

- 1 Anleggsmidlane bør vere finansierte med langsiktig kapital; dvs. arbeidskapitalen bør vere større enn null. Her er arbeidskapitalen positiv for begge åra, og han har gått opp frå 2011 til 2012.
- 2 Halvparten av varelageret bør vere finansiert med langsiktig kapital. Dette er oppfylt med god margin, og utviklinga frå 2011 til 2012 har vore positiv.
- 3 Eigenkapitalen bør vere minst 35 % av totalkapitalen. Begge åra har oppfylt dette kravet, men utviklinga har vore litt negativ.

Samla sett er finansieringa god sidan alle tre krava er oppfylte. Det einaste negative er at eigenkapitalprosenten har gått litt ned frå 2011 til 2012.

6.3.2

Vurderinga av finansieringa byggjer på normtal og på nøkkeltal henta frå rekneskapen til bedrifta.

Finansiering	2012	2011
Arbeidskapital i kr	-400 000	100 000
Arbeidskapital i % av varelager	-80,0 %	25,0 %
Eigenkapitalprosent	36,0 %	41,2 %

Det er tre krav til god finansiering:

- 1 Anleggsmidlane bør vere finansierte med langsiktig kapital; dvs. arbeidskapitalen bør vere større enn null. Her er arbeidskapitalen positiv for 2011, men negativ for 2012.
- 2 Halvparten av varelageret bør vere finansiert med langsiktig kapital. Ingen av åra oppfyller dette kravet.
- 3 Eigenkapitalen bør vere minst 35 % av totalkapitalen. Begge åra har oppfylt dette kravet, men utviklinga har vore negativ.

Samla sett er finansieringa ikkje god nok, sjølv om eigenkapitalprosenten er god. Dei andre krava er på langt nær oppfylte, og det har vore ei negativ utvikling i finansieringa frå 2011 til 2012.

6.3.3 Læraren har forslag til løysing

Finansiering	2012	2011
Arbeidskapital i kr	178 000	250 000
Arbeidskapital i % av varelager	89,0 %	138,9 %
Egenkapitalprosent	29,1 %	30,9 %

Læreboka side 260**6.4.1**

- a) Likviditet betyr den evna ei bedrift har til å betale forpliktingane sine ved forfall.
- b) Likviditet måler vi ved normtala likviditetsgrad 1 og likviditetsgrad 2.
- c) Likviditetstal 1 viser at omløpsmidlane bør vere minst dobbelt så store som kortsiktig gjeld.
- d) Likviditetstal 2 krev at mest likvide omløpsmidlar bør vere større enn kortsiktig gjeld.
- e) Likviditeten kan styrkjast gjennom auka inntekter, reduserte kostnader med same totalkapital. Vidare kan likviditeten betrast gjennom å redusere kredittida til kundar og forhandle om betre kredittar med leverandørane. Raskare fakturering ved kredittsal og strengare praksis overfor kundar som betaler for seint, verkar positivt på likviditeten. Det same gjer ein reduksjon av kortsiktig gjeld og auke av langsiktig gjeld.
- f) Forskjellen på likviditetstal 1 og likviditetstal 2 er varelageret som er trekt ut av omløpsmidlane for likviditetstal 2 sidan det normalt kan ta lengre tid å gjere om varelageret til likvide midlar.
- g) Kravet til god likviditet er at omløpsmidlane bør vere minst dobbelt så store som kortsiktig gjeld og at omløpsmidlane med frådrag for varelageret må minst vere like store som kortsiktig gjeld.
- h) Vurderinga av likviditeten byggjer på normtal og på nøkkeltal henta frå rekneskapen til bedrifta.

Likviditet	2012	2011
Likviditetsgrad 1	172,1 %	151,0 %
Likviditetsgrad 2	110,0 %	101,2 %

Det er to krav til god likviditet:

- 1 Likviditetsgrad 1 > 2. Dette betyr at omløpsmidlane > kortsiktig gjeld.
Kravet er ikkje oppfylt, men utviklinga frå 2011 til 2012 har vore positiv.
- 2 Likviditetsgrad 2 > 1. Dette betyr at omløpsmidlane - varelager > kortsiktig gjeld.
Kravet er oppfylt, og utviklinga frå 2011 til 2012 har vore positiv.

Krav 1 er ikkje oppfylt, men krav 2 er oppfylt. Likviditeten er samla sett ikkje god nok, men utviklinga har vore god.

6.4.2

Vurderinga av likviditeten byggjer på normtal og på nøkkeltal henta frå rekneskapen til bedrifta

Likviditet	2012	2011
Likviditetsgrad 1	72,4 %	113,3 %
Likviditetsgrad 2	37,9 %	60,0 %

Det er to krav til god likviditet:

- 1 Likviditetsgrad 1 > 2. Dette betyr at omløpsmidlane > kortsiktig gjeld.
Kravet er ikkje oppfylt og utviklinga frå 2011 til 2012 har vore negativ.
- 2 Likviditetsgrad 2 > 1. Dette betyr at omløpsmidlane - varelager > kortsiktig gjeld.
Kravet er ikkje oppfylt og utviklinga frå 2011 til 2012 har vore negativ.

Sidan ingen av krava er oppfylte og utviklinga har vore negativ, er ikkje likviditeten til AlfaGruppen AS god nok.

6.4.3 Læraren har forslag til løysing

Likviditet	2012	2011
Likviditetsgrad 1	155,3 %	225,0 %
Likviditetsgrad 2	93,2 %	135,0 %

Læreboka side 264

6.5.1

Vurderinga av innteninga, den økonomiske stillinga og utviklinga til bedrifta byggjer på nøkkeltal frå rekneskapen til bedrifta for 2010, 2011 og 2012, normtal og bransjetal for 2012.

NØKKELTAL	ByKroa AS 2010	ByKroa AS 2011	ByKroa AS 2012	Bransjetal 2012
Totalrentabilitet	8,0 %	6,4 %	10,7 %	15,9 %
Eigenkapitalrentabilitet	13,2 %	12,1 %	17,4 %	19,7 %
Eigenkapitalprosent	34,3 %	42,8 %	40,9 %	38,6 %
Likviditetsgrad I	1,79	1,51	1,72	1,94
Likviditetsgrad II	0,86	1,01	1,10	0,95

Vurdering av rentabiliteten

Totalkapitalrentabiliteten har gått ned frå 2010 til 2011, for så å stige i 2012 igjen til 10,7 %. For siste år oppfyller bedrifta norma til god totalkapitalrentabilitet. Nøkkeltala for bedrifta ligg klart lågare enn for gjennomsnittsbedrifta i bransjen.

Eigenkapitalrentabiliteten gjekk også ned frå 2010 til 2011, for så å auke igjen i 2012. Norma for god eigenkapitalrentabilitet dette året er oppfylt, men bedrifta ligg også her under bransjetalet.

Vurdering av finansieringa

Eigenkapitalprosenten har utvikla seg positivt i perioden og er i 2012 oppe i 40 %. Dette oppfyller norma til god eigenkapitalprosent med god margin og ligg klart over bransjetalet for 2012.

Vurdering av likviditeten

Bedrifta oppfyller ikkje krava til god likviditet bortsett frå likviditetsgrad 2 for 2012. Bedrifta ligg likevel ikkje langt unna bransjetalet for 2012.

Konklusjon

ByKroa AS sin økonomiske situasjon er ikkje eintydig bra. Bedrifta går med overskot og rentabiliteten oppfyller kravet til god rentabilitet. Eigenkapitalprosenten er også bra. Bedrifta er solid, men det er grunn til å påpeike at likviditeten er svak, og at det bør takast grep for å styrkje denne.

6.5.2

Vurderinga av innteninga, den økonomiske stillinga og utviklinga til bedrifta byggjer på nøkkeltal frå rekneskapen til bedrifta for 2010, 2011 og 2012, normtal og bransjetal for 2012.

NØKKELTAL	AlfaGruppen AS 2010	AlfaGruppen AS 2011	AlfaGruppen AS 2012	Bransjetal 2012
Totalrentabilitet	15 %	13,3 %	13,3 %	15 %
Eigenkapitalrentabilitet	26 %	22,5 %	22,5 %	24 %
Eigenkapitalprosent	43,2 %	41,2 %	36,0 %	44 %
Likviditetsgrad I	2,43	2,25	0,72	2,3
Likviditetsgrad II	1,78	1,35	0,38	1,3

Vurdering av rentabiliteten

Totalkapitalrentabiliteten har vist ein fallande tendens frå 2010 til 2012. For siste år oppfyller bedrifta norma til god totalkapitalrentabilitet så vidt det er. Men bedrifta ligg klart under bransjetalet.

Eigenkapitalrentabiliteten viser ein fallande tendens. Norma for god eigenkapitalrentabilitet er oppfylt, men bedrifta ligg også her under bransjetalet.

Vurdering av finansieringa

Eigenkapitalprosenten har utvikla seg negativt for alle tre åra, men oppfyller norma til god eigenkapitalprosent. Bedrifta ligg under bransjetalet for 2012.

Vurdering av likviditeten

Likviditeten har også utvikla seg negativt, og for 2012 oppfyller ikkje bedrifta lenger krava til god likviditet. Bedrifta ligg langt unna bransjetalet for 2012.

Konklusjon

AlfaGruppen AS er driven med overskot og det har auka frå 2010 til 2012. Likevel er ikkje økonomien god nok relativt sett i forhold til normene for god lønnsemd, i forhold til bransjetal og i forhold til utviklinga over tid. Bedrifta har ei negativ utvikling i økonomien. Alle nøkkeltal viser fallande tendens, og bedrifta ligg under bransjetala.

6.5.3 Læraren har forslag til løysing

a)

Nøkkeltal	YouShop AS 2010	YouShop AS 2011	YouShop AS 2012	Bransjetal 2012
Totalkapitalrentabilitet	11,8 %	12,3 %	12,9 %	14,2 %
Egenkapitalrentabilitet	17,4 %	19,4 %	20,8 %	21,3 %
Egenkapitalprosent	34,8 %	36,9 %	39,6 %	36,4 %
Likviditetsgrad I	1,4	1,3	0,95	1,6
Likviditetsgrad II	0,8	0,6	0,53	0,9

6.5.4

a) Vurderinga av innteninga, den økonomiske stillinga og utviklinga til bedrifta byggjer på nøkkeltal frå rekneskapen til bedrifta.

Tall fra resultatregnskapet	2012
Driftsinntekter	29 100 000
- Driftskostnader	26 710 000
= Driftsresultat	2 390 000
+ Finansinntekter	10 000
- Finanskostnader	610 000
= Resultat før skatt	1 790 000
- Skattekostnad	500 000
= Årsresultat	1 290 000

Tall fra balansen		
Eiendeler	2012	2011
Anleggsmidler	11 900 000	11 900 000
Omløpsmidler:		
Varelager	2 500 000	2 400 000
Kundefordringer	1 600 000	1 500 000
Kontanter og bankinnskudd	150 000	120 000
Sum omløpsmidler	4 250 000	4 020 000
Sum eiendeler	16 150 000	15 920 000

Egenkapital og gjeld		
Egenkapital	6 990 000	5 700 000
Gjeld:		
Langsiktig gjeld	6 200 000	6 400 000
Kortsiktig gjeld	2 960 000	3 820 000
Sum gjeld	9 160 000	10 220 000
Sum egenkapital og gjeld	16 150 000	15 920 000

Nøkkeltall		
Rentabilitet	2012	
Totalkapitalrentabilitet	15,0 %	
Egenkapitalens rentabilitet	28,2 %	
Gjennomsnittlig gjeldsrente	6,3 %	
Finansiering	2012	2011
Arbeidskapital i kr	1 290 000	200 000
Arbeidskapital i % av varelager	51,6 %	8,3 %
Egenkapitalprosent	43,3 %	35,8 %
Likviditet		
Likviditetsgrad 1	1,44	1,05
Likviditetsgrad 2	0,59	0,42

Vurdering av rentabiliteten

Totalkapitalrentabiliteten er 15 %. Kravet er at denne bør vere lik risikofri innskotsrente i bank pluss 3-5 % risikotillegg. Dette risikotillegget er dessutan avhengig av bransje. Tek vi utgangspunkt i ei risikofri rente på 4 %, betyr det at ein tilfredsstillande totalkapitalrentabilitet minst bør utgjere 7-9 %. Så langt vi kan vurdere totalkapitalrentabiliteten, er han tilfredsstillande.

Eigenkapitalrentabiliteten er 28,2 %. Eigenkapitalrentabiliteten bør vere større enn totalkapitalrentabiliteten fordi eigenkapitalen er meir risikoprega enn totalkapitalen. Dette kravet er også avhengig av risikoen i bransjen. Eigenkapitalrentabiliteten synest å vere tilfredsstillande.

Vurdering av finansieringa

Vi tek utgangspunkt i tre krav til god finansiering:

- 1 Anleggsmidlane bør vere finansierte med langsiktig kapital

Eigenkapital	=	6 990 000
Langsiktig gjeld	=	6 200 000
Langsiktig kapital	=	13 190 000
Anleggsmidlane	=	11 900 000
Arbeidskapital	=	1 290 000
Dette kravet er oppfylt.		

- 2 Halvparten av varelageret bør vere finansiert med langsiktig kapital

Arbeidskapitalen	=	1 290 000
Varelageret	=	2 500 000
Dette kravet er oppfylt med 51,6 %.		

- 3 Eigenkapital bør utgjere minst 35 % av totalkapitalen
Sidan eigenkapitalprosenten er 43,3 %, er dette kravet oppfylt.

Vurdering av likviditeten

Likviditetsgrad 1 er 1,44.

Sidan kravet er > 2 , er dette kravet ikkje oppfylt.

Likviditetskrav 2 er 0,59.

Sidan kravet er > 1 , er dette kravet ikkje oppfylt.

Konklusjon

Den økonomiske situasjon til bedrifta er noko forskjellig ut frå normene til nøkkeltal vi vurderer ut frå. Lønnsemda rekna i rentabilitet er bra. Kravet til finansiering er nådd og bedrifta har positiv arbeidskapital som gir dekning for 50 % av varelageret med langsiktig finansiering. Begge krava til likviditeten i bedrifta er ikkje oppfylt. Dersom bedrifta ikkje får gjennomført ei refinansiering, vil bedrifta snart få likviditetsproblemer.

b)

Likviditeten kan styrkjast gjennom auka inntekter, reduserte kostnader med same totalkapital. Vidare kan likviditeten betrast gjennom å redusere kredittida til kundar og forhandle om betre kredittar med leverandørane. Raskare fakturering ved kredittsal og strengare praksis overfor kundar som betaler for seint, verkar positivt på likviditeten. Det same gjer ein reduksjon av kortsiktig gjeld mot ein auke av langsiktig gjeld.

c)

Felles for alle nøkkeltalutrekningar er at vi saknar opplysningar for å sjå på utviklinga av nøkkeltala og dermed utviklinga i den økonomiske situasjonen for bedrifta over tid. Vi burde derfor ha tilgang til opplysningar om nøkkeltala også for nokre år tilbake. Dessutan burde vi ha hatt tilsvarende tal for bedrifter i same bransje for å setje ein standard for målinga.

6.5.5 Læraren har forslag til løysing**6.5.6 Læraren har forslag til løysing****6.5.7****a)**

Vurderinga av innteninga, den økonomiske stillinga og utviklinga til bedrifta byggjer på nøkkeltal frå rekneskapen til bedrifta for 2012 og normtal.

I ferdigmodellen for rekneskapsanalysen har vi hatt som føresetnad at kundefordringane utgjer kr 420 000 og kontantar og bankinnskot utgjer kr 230 000 for 2012. Tilsvarende fordeling for 2011 er: Kundefordringar kr 440 000 og kontantar og bankinnskot kr 110 000.

Tall fra resultatregnskapet	2012
Driftsinntekter	10 000 000
- Driftskostnader	9 600 000
= Driftsresultat	400 000
+ Finansinntekter	80 000
- Finanskostnader	80 000
= Resultat før skatt	400 000
- Skattekostnad	110 000
= Årsresultat	290 000

Tall fra balansen	2012	2011
Eiendeler		
Anleggsmidler	500 000	600 000
Omløpsmidler:		
Varelager	200 000	150 000
Kundefordringer	420 000	440 000
Kontanter og bankinnskudd	230 000	110 000
Sum omløpsmidler	850 000	700 000
Sum eiendeler	1 350 000	1 300 000

Egenkapital og gjeld		
Egenkapital	450 000	320 000
Gjeld:		
Langsiktig gjeld	460 000	550 000
Kortsiktig gjeld	440 000	430 000
Sum gjeld	900 000	980 000
Sum egenkapital og gjeld	1 350 000	1 300 000

Nøkkeltall	2012	2011
Rentabilitet		
Totalkapitalrentabilitet	36,2 %	
Egenkapitalens rentabilitet	103,9 %	
Gjennomsnittlig gjeldsrente	8,5 %	
Finansiering		
Arbeidskapital i kr	410 000	270 000
Arbeidskapital i % av varelager	205,0 %	180,0 %
Egenkapitalprosent	33,3 %	24,6 %
Likviditet		
Likviditetsgrad 1	1,93	1,63
Likviditetsgrad 2	1,48	1,28

Vurdering av rentabiliteten

Krava til totalkapitalrentabilitet er

- Bedrifta krev best mogleg rente for tilsvarende beløp f. eks i bank med tillegg for risiko. Dersom ein føreset ei bankrente på 4 %, får bedrifta likevel eit tillegg på nesten 30 prosentpoeng som godtgjering for risiko. No er vel databransjen kjend for å vere svært risikoutsett, men bedrifta har altså mykje å gå på i forhold til alternative plasseringar, ca. 30 prosentpoeng avkastning utover bankrenta synest totalt sett vere svært bra, så vi kan seie at dette kravet er oppfylt.
- Større enn gjennomsnittleg gjeldsrente. Ifølgje utrekninga ovanfor er gjeldsrenta 8,5 %, mens totalkapitalrentabiliteten er 36,2 %. Kravet er oppfylt. Det ser vi også av at eigenkapitalrentabiliteten (103,9 %) er langt høgare enn totalkapitalrentabiliteten (36,2 %).

Konklusjon: Alle dei teoretiske krava til rentabiliteten er oppfylte, så rentabiliteten til MediaLofet AS må kunne karakteriserast som svært god.

Vurdering av finansieringa

Krava til god finansiering er i teorien blant anna desse:

- Eigenkapitalprosent bør minst vere over 35 %. MediaLofet AS har 33,3 % for 2012 som er ei positiv utvikling frå året før.
- Positiv arbeidskapital. Arbeidskapitalen er positiv med kr 410 000 for 2012 som er ein auke frå året før. Kravet til arbeidskapital er oppfylt.
- Arbeidskapitalen bør dekkje varelageret. Arbeidskapitalen utgjer 205 % av varelageret, noko som er framgang frå året før. Kravet til er oppfylt.

Konklusjon: Alle krava til arbeidskapital er oppfylte. Eigenkapitalen er tilfredsstillande og nær kravet om 35 % dekning av i forhold til totalkapitalen.

Vurdering av likviditeten

Krava til god likviditet er i teorien blant anna desse:

- Likviditetsgrad 1 skal minst vere 2,0, vere betre enn bransjen og ha ei positiv utvikling. Her er likviditetsgraden 1,93. Dette er litt i underkant i forhold til den teoretiske norma (2,0). På den andre sida har likviditetsgrad 1 vist ei positiv utvikling i løpet av året (frå 1,63).
- Likviditetsgrad 2 skal minst vere 1,0, vere betre enn bransjen og vise ei positiv utvikling. Her er likviditetsgraden 1,48. I tillegg har utviklinga vore positiv i løpet av året (frå 1,28). Alle krava til likviditetsgrad 2 er derfor oppfylte.

Konklusjon om likviditeten: Likviditeten synest å vere brukbar, men krava til likviditetsgrad 1 er ikkje heilt oppfylte. Det kjem først og fremst av at varelageret kanskje er i minste laget. Bedrifta synest å vere relativt godt forsynt med dei mest likvide omløpsmidlane (jf. talet for likviditetsgrad 1), så noka direkte likviditetskrise blir det neppe. Men for å kunne vere heilt sikker på dette burde vi ha sett opp eit likviditetsbudsjett for neste periode, men det fell utanfor oppgåva.

Samla sett synest altså den økonomiske situasjonen til bedrifta å vere ganske bra. Rentabiliteten er svært bra, finansieringa oppfyller minstekravet, men blir trekt litt ned av relativt svak egenkapitalprosent i forhold til bransjen elles. Likviditeten er også brukbar sjølv om kravet til likviditetsgrad 1 ikkje er heilt oppfylt. Det siste treng ikkje nødvendigvis vere så alvorleg.

b)

Endringa i egenkapitalen frå 2011 til 2012 har auka med kr 130 000. Beløpet kjem fram som differansen mellom egenkapitalen per 31.12. og egenkapitalen per 01.01.

c)

Bedrifta har disponert årsresultatet, kr 290 000, ved å overføre kr 130 000 til opptent egenkapital og overføre kr 160 000 som utbytte til aksjonærane.

6.5.8 Læraren har forslag til løysing

I ferdigmodellen for rekneskapsanalysen har vi teke føresetnad om at kundefordringane utgjer kr 480 060 og kontantar og bankinnskot utgjer kr 506 700 for 2012. Tilsvarende for 2011 er: Kundefordringar kr 430 800 og kontantar og bankinnskot kr 486 010.

OBS: Nøkkeltala for 2011 er justert i forhold til utrekningar i rekneskapsanalysemodellen.

Nøkkeltal	2009	2010	2011	2012	Bransje 2012
Totalrentabilitet i prosent	4,2	3,7	2,2	0,9	1,3
Likviditetsgrad 1 i prosent	108,3	115,6	125	149	125,1
Likviditetsgrad 2 i prosent	204,3	206,1	28	46	221,5
Arbeidskapital i kroner	608 450	145 760	821 650	1 040 350	821 650
Egenkapitalprosent	28,4	26,3	22,1	21,7	22,1